



Saksprotokoll

Organ: Fylkesutvalet

Møtedato: 02.04.2014

Sak nr.: 14/1571-6

Internt l.nr.: 10814/14

Sak: 26/14

Tittel: Uttale om sognefjellstunnelane

Behandling:

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

- 1 Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane viser til omtalen av Sognefjellstunnelane i Norsk transportplan 2014 – 23 og Samferdsledepartementet si fylkesvise oversikt der det m.a. går fram at: «*departementet er innstilt på å gjennomføre en konseptvalgutredning, KVV, for prosjektet, men dette skal avklares med fylkeskommunen før arbeidet med KVV settes igang*».
- 2 Fylkesutvalet er kjent med at departementet vil vurdere sambandet Sognefjellstunnelane gjennom ei samla vurdering av alle aust-vest-sambanda.
- 3 Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane ser det som positivt at Sognefjellstunnelane vert vurderte som ein viktig del av det nasjonale stamvegnettet. For å sikre framdrift i planprosessane er det naudsynt å gjennomføre ein eigen KVV for Sognefjellstunellane parallelt med den samla utgreiinga, for å få kartlagt alle sider ved sambandet.
- 4 Fylkesutvalet ber Samferdsledepartementet gjennomføra ein KVV for diagonalsambandet Sognefjellstunnelane i tråd med Fylkestinget sitt vedtak i fråsegn til NTP datert 05.06.2012 pkt. 9 under Fylkestinget sine hovudprioriteringar.

Endringsframlegg:

Fylkesutvalet sette fram følgjande endringsframlegg:

Nytt punkt 3 i staden for punkt 3 i tilrådinga frå fylkesrådmannen:

3. Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane ser det som positivt at Sognefjellstunnelane vert vurderte som ein viktig del av det nasjonale stamvegnettet. For å sikre framdrift i planprosessane ber vi regjeringa vurdere om dette prosjektet kan gjennomførast utan KVV. Om ikkje, er det naudsynt å gjennomføre ein eigen KVV for Sognefjellstunellane parallelt med den samla utgreiinga, for å få kartlagt alle sider ved sambandet.

Punkt 4 i tilrådinga frå fylkesrådmannen:

Skifte ut ordet «KVV» med orda «effektiv planprosess»

Avrøysting:

Fylkesrådmannen si tilråding med dei endringane som fylkesutvalet sette fram vart samrøystes vedteken.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

- 1 Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane viser til omtalen av Sognefjellstunnelane i Norsk transportplan 2014 – 23 og Samferdsledepartementet si fylkesvise oversikt der det m.a. går fram at: *«departementet er innstilt på å gjennomføre en konseptvalgutredning, KVV, for prosjektet, men dette skal avklares med fylkeskommunen før arbeidet med KVV settes igang».*
- 2 Fylkesutvalet er kjent med at departementet vil vurdere sambandet Sognefjellstunnelane gjennom ei samla vurdering av alle aust-vest-sambanda.
- 3 Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane ser det som positivt at Sognefjellstunnelane vert vurderte som ein viktig del av det nasjonale stamvegnettet. For å sikre framdrift i planprosessane ber vi regjeringa vurdere om dette prosjektet kan gjennomførast utan KVV. Om ikkje, er det naudsynt å gjennomføre ein eigen KVV for Sognefjellstunellane parallelt med den samla utgreiinga, for å få kartlagt alle sider ved sambandet.
- 4 Fylkesutvalet ber Samferdsledepartementet gjennomføra ein effektiv planprosess for diagonalsambandet Sognefjellstunnelane i tråd med Fylkestinget sitt vedtak i fråsegn til NTP datert 05.06.2012 pkt. 9 under Fylkestinget sine hovudprioriteringar.